Ved eit vegskil - tettstader og kulturminne

Gudbrandsdalsseminaret 2015

Foto: H.H.Lie/Maihaugens fotoarkiv

Maihaugen onsdag 28. januar 2015

Velkomne til Gudbrandsdalsseminaret 2015

Ved eit vegskil - tettstader og kulturminne

Når den nye Europaveg 6 står ferdig, har vi sett det største menneskelege inngrepet i Gudbrandsdalen etter at jernbana kom til dalen. Det gjeld både fysisk og kulturelt.
For meir enn hundre år sidan vart jernbana bygd oppover dalen. Tida skaut fart. Folk tok til å stille klokka etter toget slik dei før hadde lydd kyrkjeklokka og gardsklokkene. Kring jernbanestasjonane var tettstadene i ferd med å vekse fram og bli til handelssentrum i bygdene. Den nye E6 går utanom tettstadene og rett igjennom kulturlandskap og fjell. Først og fremst vil han vera ei gjennomfartsåre, og da kan Gudbrandsdalsvegen (nåverande E6) bli ein veg for dei lokale – og for dei som vil sjå og oppleva meir enn frå den nye vegen.
Som del av E6-prosjektet er det dei siste åra gjort grundige arkeologiske undersøkingar i vegtraseen. Her er det gjort mange funn som endrar tolkinga av Gudbrandsdalen si historie. Hausten 2014 blir det gitt ut eit bokverk om desse funna. Smakebitar frå bokverket blir presenterte på seminaret.
Gudbrandsdalen er også rik på kulturminne vi kjenner frå tidlegare av ulikt slag. I dei fleste kommunane i dalen blir det nå arbeidd for å gjera desse meir kjente. Slik kan framtida ta meir omsyn til denne rike kulturarven. Fangar vi her vidt nok?

I den mest nedbørsfattige av norske fjelldalar utvikla dølane ein kultur tufta på temjing av vatn. Det galdt framføring av vatn frå fjellet og uttapping frå dalbotnen på Lesja og Sel. Under seminaret ser vi på erfaringane frå vatningskulturen. Og vi ser på utviklinga av samferdsel slik den har påverka utviklinga av bygdesentra fram til nå. Ikkje minst nærmar vi oss konkrete eksempel på tettstader i distriktet.I tettstadene der dei fleste av oss bur i dag, gjeld det å trygge ei framtid med forankring i fortid og historie.

Gudbrandsdalsseminaret 2015 blir forlenga med ein dag to, torsdag 29.01.15. Denne delen er særleg mynta på kommunale planleggjarar i heile Oppland. Dei vil få innføring i ein metode for å innarbeide kulturminne som ein viktig del av kommunal planlegging, særleg knytt til tettstadene og byane i fylket. Metodikken (kalla DIVE) er utvikla av Riksantikvaren. Denne delen startar med to opne foredrag på slutten av dag ein, om Vingnes i Lillehammer
Men sjølve Gudbrandsdalsseminaret 2015 onsdag 28.01. er ope for alle. Her ønskjer vi å setja fokus på spørsmål av interesse ikkje berre for historielag og historisk interesserte personar, men også for politikarar og tilsette i kommunar og fylke.

Maihaugsalen

Maihaugen, Lillehammer

Onsdag 28. januar 2015

Program

09:30	Registrering og kaffe		
10:00	Velkomen	Arne Skuterud	Gudbrandsdal Historielag
10:15	Mangfaldet av kulturminne i Gudbrandsdalen	Torveig Dahl	Gudbrandsdalsmusea
10:45	Utvegar til vatn – deling av ein knapp ressurs	Ivar Teigum	Historikar
11:15	Stasjonsbyen i vekst og endring	Geir Paulsrud	Tidl. direktør ved Norsk vegmuseum
11:45	*Lunsj*		
12.30	Korleis endrar ny E6 Gudbrands-dalen	Øyvind Moshagen	Statens vegvesen
13:00	Fra gård til tettsted. Utviklingen innen arkeologisk metode gir oss nye muligheter til å følge gryende tettstedsutvikling i yngre jernalder og middelalder	Knut Paasche	NIKU
13:30	Ringebu sentrum etter ny E6	Gunhild Haugum	Ringebu kommune
14:00	Stadutvikling Vågåmo: Historiske strukturer i tettstedets landskap, analyse og innvirkning på mulige plangrep	Ingfrid Lyngstad	Rambøll
14:30	*Pause*		
14:45	Sentrumsdanning på Vingnes. (Vingnes blir tema for gruppe-arbeidet andre dagen.)	Kjell Marius Mathisen	Oppland fylkeskommune
15:15	Presentasjon av metodikken for DIVE-analyse	Dag Arne Reinar	Riksantikvaren
16:45	Oppsummering og diskusjon		

Påmelding

Bindande påmelding innan
15. januar 2015 kan sendast til:

Foto over: Vassveit i Vågå
Foto under: Lillehammer med Vingnes, postkort ca 1960

Maihaugen
Maihaugvn 1
2609 Lillehammer
Tlf 61 28 89 00
Epost: post@maihaugen.no

For spørsmål, kontakt:
Marit Hosar
oppark@maihaugen.no
Tlf 61 28 89 02

Ved påmelding, oppgje:
Namn
Adresse, fakturaadresse
Tlf og epostadr
Lunsj er inkludert, men meld ifrå om særskilde matbehov

Seminaravgift:
Seminaravgifta er 600 kr

Avgifta kan betalast ved påmelding til konto 1503 23 53824
Merk med Gudbrandsdals-seminaret og namn

Arrangørar:

OPPLAND fylkeskommune

Maihaugen

Gudbrandsdal Historielag

Gudbrandsdalsmusea